

## ***Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 13. desember 2011.***

### **Sak 18/2011 Opprop.**

Fyresdal kommune: Ordførar Erik Skjervagen, varaordførar Siw Berve.

Kviteseid kommune: Ordførar Torstein Tveito, varaordførar Gunnar Ruud, Olav Kaasa, Tarjei Gjelstad

Nissedal kommune: Ordførar Halvor Homme, varaordførar Øyvind Tveit, Sverre Sæter, Anne-Nora Oma Dahle,

Seljord kommune: Ordførar Solveig S. Abrahamsen, varaordførar Jon Svartdal, Per Dehli, Aud Jonskås

Tokke kommune: Ordførar Hilde Alice Vågslid, varaordførar Marie Seltveit, Britt Hauge, Tor Arne Heggveit

Vinje kommune: Ordførar Arne Vinje, varaordførar Jon Rikard Kleven, Tor Eivind Erikstein

I tillegg møtte regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggnes

### **Sak 19/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. Møteleiar var regionordførar Anne-Nora Oma Dahle inntil val vart halde under sak 25/2011.*

### **Sak 20/2011 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar.**

*Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordførar vart valt Hilde Alice Vågslid.*

### **Sak 21/2011 Arbeidsprogram 2010 – 2011, rapport pr. desember 2011**

Til møtet låg det føre rapport pr. desember i høve til arbeidsprogrammet 2010 - 2011.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner rådets rapport pr. desember 2011 gjeldande arbeidsprogrammet for 2010 – 2011.*

### **Sak 22/2011 Forslag til arbeidsprogram 2012 – 2013.**

Det låg føre forslag til arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2012 – 2013.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til arbeidsprogram for Rådet gjeldande 2012 - 2013.*

### **Sak 23/2011 Forslag til budsjett 2012 for Vest-Telemarkrådet**

Det låg føre budsjett 2012 for Vest-Telemarkrådet med forslag om å gje Rådet fullmakt til å gjera endeleg vedtak i saken. Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle gjorde framlegg om at Tinget vedtek framlegget til budsjett slik det ligg føre.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget vedtek framlegget til budsjett 2012 for Vest-Telemarkrådet slik dette ligg føre.*

**Sak 24/2011 Formalisering av Vest-Telemarkrådet som § 27-selskap**

På bakgrunn av tidlegare vedtak i Vest-Telemarkrådet samt likelydande vedtak i dei 6 kommunane låg det føre forslag om formalisering av Vest-Telemarkrådet som §27-selskap.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget vedtek at Vest-Telemarkrådet vert å formalisere som § 27 – selskap og godkjenner det framlagte forslaget til vedtekter.*

**Sak 25/2011 Val av regionordførar og regionvaraordførar for perioden 2012 - 2013 og fastsetjing av godtgjersle for desse.****Val av valnemnd for perioden 2012 - 2013**

Leiar av valnemnda Solveig S. Abrahamsen la fram valnemndas framlegg for perioden 2012 – 2013 og fekk tilslutning til dette.

*Vedtak:*

*Som regionordførar for perioden 2012 – 2013 vert valt: Torstein Tveito*

*Som regionvaraordførar for perioden 2012 – 2013 vert valt: Erik Skjervagen*

*Godtgjersle for regionordførar vert: kr. 25 000,- pr. år*

*Godtgjersle for regionvaraordførar vert: kr. 5 000,- pr. år*

*Som medlemmer av valnemnda for perioden 2012 – 2013 vert*

*valt: Sverre Sæter, Hilde Alice Vågslid og Arne Vinje*

Nyvalt regionordførar Torstein Tveito overtok møteleiinga og takka Anne-Nora Oma Dahle for vel utført arbeid.

**Sak 26/2011 Orientering om det regionale samarbeidet.**

Anne-Nora Oma Dahle og Kjell Gunnar Hegggenes orienterte innleiingsvis om dei ulike regionale samarbeidsordningane. Børge Skårdal og Ole Dalen gjekk deretter nærare inn på 2 sentrale arbeidsområde der Vest-Telemark Næringsutvikling spelar ei viktig rolle:

- Det langsiktige arbeidet med påverknad for betre vegar i Telemark
- Elektronisk kommunikasjon og herunder nærare omkring prosjektet ”Interaktive Telemark”

*Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringane til vitande.*

Vest-Telemarktinget, 13. desember 2011

---

Torstein Tveito  
Regionordførar

---

Hilde Alice Vågslid  
Ordførar i Tokke